

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 21. april 2016, kl.14.00

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles tilstades:

Ståle Eikrem, Karen Elise Matheson, Torill Velle og Roger Welle

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen .

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei orienteringssak under eventuelt.

SAK 08/16

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 2. MARS 2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 2. mars 2016 blir godkjent.

SAK 09/16

REFERATSAK

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 10/16
ÅRSMELDING 2015 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.04.2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Sykkylven kommune til orientering.

SAK 11/16
KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 - SYKKYLVEN KOMMUNE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.04.2016

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Sykkylven kommune sin rekneskap for 2015 blir godkjent.

SAK 12/16
GJENNOMGANG AV REGLEMENT FOR SAKSBEHANDLING I SYKKYLVEN KOMMUNE
M.V.

Saksdokument og framlegg til uttale frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.04.2016:

1. Kontrollutvalet finn at kommunestyret ikkje har gjort nødvendige vedtak om reglement innanfor dei fristar loven set. Ein del lovpålagte reglement manglar også heilt.
2. Kontrollutvalet oppmodar kommunen sin administrasjon om snarast å gjennomføre oppdatering av aktuelle reglement, herunder reglement for kommunestyret og delegasjonsreglementet, og utarbeide og vedta alle reglement som lova krev.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet finn at kommunestyret ikkje har gjort nødvendige vedtak om reglement innanfor dei fristar loven set. Ein del lovpålagte reglement manglar også heilt.
2. Kontrollutvalet oppmodar kommunen sin administrasjon om snarast å gjennomføre oppdatering av aktuelle reglement, herunder reglement for kommunestyret og delegasjonsreglementet slik at kommunestyret kan utarbeide og vedta alle reglement som lova krev.
3. Møteprotokollar bør ha klare henvisningar til saksutgreiing og det bør gå fram korleis parti og personar har stemt.

4. **Interpellasjonar** til ordføraren må meldast skriftleg og vere komne fram seinast 14 dagar før kommunestyret tek til.
Interpellasjonar skal settast opp på saklista under eigne saksnummer med høve for kommunestyret sine medlemmer til å ta del i ordskiptet på vanleg måte. Framlegg som blir sette fram i samband med interpellasjonsordskifte, kan kommunestyret med vanleg fleirtal gjere vedtak om å ta opp til behandling.
5. **Spørsmål** til ordføraren bør innleverast skriftleg minst 4 dagar før møte i kommunestyret. I høve §34 nr.2 i kommunelova kan det likevel, utan førehandsvarsel rettast spørsmål til ordføraren om saker som ikkje står på saklista.
Ordføraren kan i begge høve vente med å svare til komande møte.
Det skal ikkje vere ordskifte i tilknytning til vanleg spørsmål. Spørsmålet skal berre refererast av spørjaren, og ordføraren skal gje eit kort svar. Spørjaren har høve til å stille eit kort tilleggsspørsmål om den saka som er reist.
Skal spørsmålet danne utgangspunkt for realitetsvedtak, må framgangsmåten for oppføring på saklista følgjast, med formell oppføring som tilleggsak og ordskifte, jf. koml. §34 nr.1.

SAK 13/16

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.04.2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner framlegg til reglement for kontrollutvalet framlagt i møte 21.04.2016 med desse endringane:

Pkt. 1.2, tredje avsnitt, her blir tilføydd:

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmar. I siste avsnitt skal stå:

Samansettinga av kontrollutvalet skal i størst mulig grad gjenspegle kommunestyret sine grupperingar.

Pkt. 2.1, første avsnitt her blir tilføydd på slutten:

Samt lokalavvisa. Siste setning skal lyde slik: Nettstaden skal ha godt synleg lenke til www.sykkylven.kommune.no

Pkt. 3.5.3.

For ulike typar varsling kan varslarar i kommune vende seg til kontrollutvalet sin leiar.

SAK 14/16

ORIENTERINGAR (saka kom opp under eventuelt)

Det vart opplyst at ei prosjektskisse vedkomande forvaltningsrevisjon av ÅRIM IKS no er behandla I Ålesund kontrollutval. Leiar orienterte om fellesmøte mellom Sykkylven kommune og Stranda kommune om kommunereforma.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek ska til orientering.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Ståle Eikrem
nestleiar
(sign.)

Karen Elise Matheson
medlem
(sign.)

Torill Velle
medlem
(sign.)

Roger Welle
medlem
(sign.)